



Arkivnr: 2015/2151-21

Saksbehandlar: Bjørg Larsen, Ronny B Skaar

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		20.08.2015

## Tilskot til kulturbrygg med regionale funksjonar 2015

### Samandrag

Fylkeskommunen fordeler kvart år tilskot til kulturbrygg med regionale funksjonar. Retningslinjer for ordninga vart vedteke av Kultur- og ressursutvalet 11.9.2012. Hovudføremålet er å bidra til etablering av kulturbrygg med regionale funksjonar for produksjon, utøving og formidling av kunst og kultur. Tiltaka må vere av ein slik art at det har regional verdi, funksjonar og/eller nedslagsfelt og skal fungere som kulturelle møtestader. Tiltaka skal og stø opp under Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk nedfelt i regionale planar. Ordninga er ei fylkeskommunal tilskotsordning med statleg medverknad i form av spelemidlar frå Norsk Tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbrygg. Hordaland fylkeskommune har den samla forvaltning av ordninga, gjer vedtak om fordeling og utarbeider regionale retningslinjer i samsvar med regionale prioriteringar og statlege rammer for ordninga. Jfr Kulturdepartementet sine «Retningslinjer for forvaltning av desentralisert ordning for tilskot til kulturbrygg 2010» samt Rundskriv V-16N/2009.

Hordaland fylkeskommune har vedteke to sjølvstendige tilskotsordningar for kulturbrygg - ei lokal ordning som er fullfinansiert med spelemidlar og ei regional ordning som er finansiert av fylkeskommunale og statlege midlar. Bakgrunnen var at Hordaland - i tillegg til forvaltninga av spelemidlar til lokale bygg - ynskte å bidra til eit sterkare regionalt fokus ved å prioritere prosjekt som kunne ivareta regionale funksjonar på feltet, og stø opp om regionale planar og prioriteringar. Ei slik løysing gjorde det mogleg å slå saman fylkeskommunale og statlege midlar til ei tilskotsordning og legge til rette for ei styrka satsing på feltet.

Etter vedtak i statsråd 24.4.2015 vert kr 96 234 000,- av spelemidlane fordelt til kulturføremål desentralisert ordning for kulturbrygg. Dette er kr 28 810 230,- mindre enn i 2014. Hordaland fylkeskommune vert tildelt kr 7 716 809,- til vidare fordeling til kulturbrygg – både lokale og regionale. Dette er kr 2 266 793,- mindre enn tildelt i 2014. Fordeling til fylkeskommunane er basert på nøkkel som justerer litt for folketal og areal på fylka, dvs. omrent det same pr innbyggjar, litt meir til innbyggjarar i grisgrendte fylker.

Fylkesrådmann foreslår å tildele kr 3 627 000,- til kulturbrygg med regionale funksjonar frå spelemidlane. I budsjett for 2015 har Hordaland fylkeskommune sett av kr 4 500 000,- til kulturbrygg med regionale funksjonar. Av dette er det satt av kr 3 400 000,- til Grieghallen. I tillegg er det kr 1 051 187 i ikkje fordelte midlar frå 2014. Samla beløp til fordeling til kulturbrygg med regionale funksjonar 2015 er etter dette kr 9 179 000,-.

Fylkesrådmannen rår til at midlane vert fordelte i samsvar med oppførte kriteria.

**Forslag til vedtak**

Kultur- og ressursutvalet vedtek følgjande fordeling av tilskot til kulturygg med regionale funksjonar over budsjettpost 10.400.780.00.14700:

KOMMUNE	SØKER	KOSTNADSSUM	SØKNADSSUM	TILDELING
Bergen	Grieghallen		Avsetning	kr 3 400 000
Askøy	Nye Herdla Museum	kr 9 000 000	kr 3 000 000	Avslag
Bergen	Norges Fiskerimuseum	kr 85 200 000	kr 3 000 000	Avslag
Bergen	Gamle Bergen Museum	kr 32 000 000	kr 5 000 000	kr 2 000 000
Bergen	Fyllingsdalen Teater	kr 41 172 000	kr 13 724 000	Avslag
Bergen	S12 Galleri og Verksted AS	kr 2 573 750	kr 400 000	Avslag
Bergen	Wrap	kr 3 024 199	kr 1 008 000	kr 1 000 000
Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter	kr 6 000 000	kr 2 000 000	kr 450 000
Kvam	Hardanger Fartøyvernssenter	kr 4 000 000	kr 2 000 000	Avslag
Odda	Lindehuset	kr 2 000 000	kr 665 000	Avslag
Stord	Sunnhordland Museum	kr 31 210 800	kr 4 000 000	kr 1 886 000
Sund	Nordsjøfartmuseet i Telavåg	kr 1 329 864	kr 700 000	kr 443 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 23.06.2015

Retningsliner for ordninga vart vedteke av Kultur- og ressursutvalet 11.09.2012. Hovudføremålet er å bidra til etablering av kulturygg med regionale funksjonar for produksjon, utøving og formidling av kunst og kultur. Tiltaka må vere av ein slik art at det har regional verd, funksjonar og/eller nedslagsfelt og skal fungere som kulturelle møtestader. Tiltaka skal og stø opp under Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk nedfelt i regionale planar.

Hordaland fylkeskommune har den samla forvaltninga av ordninga, gjer vedtak om fordelinga og utarbeider regionale retningslinjer i samsvar med regionale prioriteringar og statlege rammer for ordninga. Jfr. mellom anna Kulturdepartementet sine *Retningslinjer for forvaltning av desentralisert ordning for tilskudd til kulturygg 2010* samt *Rundskriv V-16N/2009*.

Frå retningslinene kan nemnast:

- Tilskot kan gjevest til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturvern tiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.
- Bygningane skal i størst mogeleg grad fungera som kulturelle møtestader for alle grupper.
- Lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Det vert kvart år meldt inn store behov for medverknad til finansiering av kulturarenaer. Hordaland fylkeskommune har difor vedteke to sjølvstendige tilskotsordningar for kulturygg, ei lokal ordning som er fullfinansiert med spelemidlar og ei regional ordning som er finansiert av fylkeskommunale og statlege midlar. Bakgrunnen var at Hordaland - i tillegg til forvaltning av spelemidlar til lokale kulturygg - ynska å bidra til eit sterkare regionalt fokus ved å prioritere prosjekt som kunne ivareta regionale funksjonar på feltet, og stø opp om regionale planar og prioriteringar. Ei slik løysing gjorde det mogleg å slå saman fylkeskommunale og statlege midlar til ei tilskotsordning og leggje til rette for ei styrka satsing på feltet.

Etter vedtak i statsråd 24.4.2015 vert kr 96 234 000,- av spelemidlane fordelt til kulturføremål desentralisert ordning for kulturygg. Dette er kr 28 810 230,- mindre enn i 2014. Hordaland fylkeskommune vert tildelt kr 7 716 809,- til vidare fordeling til kulturygg – både lokale og regionale. Dette er kr 2 266 793,- mindre enn tildelt i 2014. Fordeling til fylkeskommunane er basert på nøkkelen som justerer litt for folketal og areal på fylka, dvs. omrent det same pr innbyggjar, litt meir til innbyggjarar i grisgrendte fylker.

Fylkesrådmann foreslår å tildele kr 3 627 000,- til kulturygg med regionale funksjonar frå spelemidlane. I budsjett for 2015 har Hordaland fylkeskommune sett av kr 4 500 000,- til kulturygg med regionale funksjonar. Av dette er det satt av kr 3 400 000,- til Grieghallen. I tillegg er det kr 1 051 187 i ikkje fordelte midlar frå 2014. Samla beløp til fordeling til kulturygg med regionale funksjonar 2015 er etter dette kr 9 179 000,-.

Det er kome inn 11 søknadar innan fristen. Alle søknadar kan realitetshandsamast.

1. Museum Vest – Nye Herdla Museum
2. Museum Vest – Norges Fiskerimuseum
3. Bymuseet i Bergen – Gamle Bergen Museum
4. Nye Fyllingsdalen Teater
5. S12 Galleri og Verksted
6. Wrap
7. Bømlo kommune/Hordaland fylkeskommune - Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter
8. Hardanger og Voss Museum – Hardanger Fartøyvernsenter
9. LIndehuset
10. Sunnhordland Museum
11. Nordsjøfartmuseet i Telavåg

## Fordeling:

### Grieghallen – avsetning

Det er avsatt kr 3 400 000,- i budsjett til Grieghallen i 20 år. Dette beløpet skal dekke fylkeskommunen sin del av opprustinga av Grieghallen. Dette er renter på lån. Denne summen er avhengig av rentesituasjonen. I 2014 var det avsett 3 400 000,-, men det vart kr 2 348 813,- som vart renter på lån. Eventuelt overskytande frå det avsatte kr 3 400 000,- går inn til fordeling neste å på tilskotsordning for kulturbrygg med regionale funksjonar.

### 1. Museum Vest – Nye Herdla Museum

Askøy kommune søker om kr 3 000 000,- til Nye Herdla Museum. Frå 2010 har museet vore etablert på Herdla fort med eige utstilling i det gamle mobiliseringslager til forsvaret. Hovudattraksjon er det tyske jagerflyet «Gul-16», men museet disponerer og eit lokale for skiftande utstillingar og har ansvar for det freda torpedobatteriet som er lokalisert på fortsområdet. Både publikumsutvikling og rasjonell drift tilseier at museet bør samle all si aktivitet på Herdla fort. Det nye bygget er skissert til 360 kvm med kafe/informasjon, utstillingsareal, serviceareal og andre funksjonar for museum. Kostnad på kr 9 000 000,-

**Vurdering:** Dette er eit viktig tiltak for å samle all aktivitet på Herdla fort, det er og laga ein overordna plan for heile området. Fylkesrådmannen finn likevel ikkje å tilrår støtte til tiltaket pga manglande midlar.

**Tilråding: Avslag**

### 2. Museum Vest – Norges Fiskerimuseum

Norges Fiskerimuseum er i ferd med å bli ein attraksjon med regional slagkraft innan formidlinga av regionens historie knytt til fiskeri, sjømat og marine vitskapar. Museet vil bli eit nasjonalt tyngdepunkt i formidlinga av kyst- og fiskerinasjonen Noreg, samstundes som ein skaper ein møtestad mellom regionens marine næringar og kunnskapsinstitusjonar og barn og skulelevar.

Museum Vest søker om tilskot på 500 000 til Norges Fiskerimuseum sine nye publikumsareal i Sandviksboder 23 a og b og 24. Dei søker primært om støtte til oppvarming og belysning av Sandviksboder 23, det kulturhistorisk sett viktigaste bygg, men samstundes det kaldaste og mest teknisk krevjande bygget. Det er først når også denne boden er rimeleg oppvarma og spesialbelysning er montert at bygningsmassen er klar for teneleg heilårsdrift som kulturbrygg og museum.

**Vurdering:** Fiskerimuseet fekk tildelt kr 4 000 000,- i 2013 og kr 2 000 000,- i 2014. Fylkesrådmann tilrår ikkje å støtte prosjektet vidare.

**Tilråding: Avslag**

### 3. Bymuseet i Bergen – Gamle Bergen Museum

Bymuseet søker om tilskot på kr 5 000 000,- til nytt publikumsbygg og visningssenter ved Gamle Bergen Museum. Første fase er tenkt ca 1000 kvm med publikumsmottak, introduksjonsutstilling og møteplassfunksjon. Tiltaket er naudsynt for å oppnå auka publikumstal og for å halde museet ope heile året.

**Vurdering:** Det søkjast om investeringstilskot til både bygg og utstilling. Utstilling er utanfor denne tilskotsordninga. Fylkesrådmannen tilrår difor maks kr 2 000 000,- i støtte til dette tiltaket.

**Tilråding: kr 2 000 000,-**

### 4. Fyllingsdalen Teater

Fyllingsdalen Teater feirar sitt 40-års jubileum neste år. Teateret må no ha akseptable lokalar for framtidig teaterdrift. Dei ønskjer å bygge nytt teaterbygg på eksisterande tomt. Bygget skal innehalde scene, sal, sidescene, garderober og foajè. Eksisterande bygg har ikkje dei gunnleggande funksjonalitetar som vert forventa i eit moderne teaterhus. Det er så store manglar ved eksisterande bygg at det er like kostbart å utbetre det som å bygge nytt. Teateret har skodespelarar og publikum frå fleire kommunar kring Bergen.

**Vurdering:** Fyllingsdalen Teater har ikkje nok regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik og sær preg. Fylkesrådmann finn difor ikkje å støtte prosjektet.

**Tilråding: Avslag**

## **5. S12 Galleri og Verkstad**

S12 Galleri og Verksted søker om tilskot på kr 400 000,- til ombygging av lokale. Sitat frå søknad «Vår utfordring er at vi ikke har oversikt over resultatet fra Spillemidlene og ei heller fra Kulturrådet før høsten 2015, men all erfaring tilsier at det sjeldent gis fullt beløp. Derfor denne søknaden. Dersom S12 blir bevilget støtte fra Spillemidlene og fra Kulturrådet slik det er søkt og budsjettet i dag, vil denne søknaden falle bort og en eventuell bevilgning vil ikke bli utløst, om ikke noen større uforutsette kostnader skulle dukke opp.»

S 12 er eit ressurssenter med spisskompetanse på arbeid med glas som kunstnerisk materiale. Har verksted, gjestekunstnarprogram, prosjektrrom og galleri. S12 må bytte deler av lokaler dei nyttar i dag - dette krev ombygging og omorganisering av verksteds- og formidlingsareale. S12 er eit av veldig få ressurssenter som eksisterer for glaskunst i nordisk og europeisk samanheng.

**Vurdering:** S12 har og søkt tilskot under ordninga Lokale kulturbygg. Fylkesrådmannen har innstilt på tilskot under denne ordning. Sjå eiga sak. Fylkesrådmann tilrår avslag på søknad om tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar.

**Tilråding: Avslag**

## **6. Wrap**

Wrap søker om tilskot på kr 1 008 000,- til ombygging og oppgradering av lokalar. Kostnadssum på kr 3 024 199,-. Wrap driv produksjonsarena for samtidskunst. Dette driftast profesjonelt og ideelt av og for kunstnarar innan fleire sjangrar, deriblant scenekunst, visuell kunst og musikk.

Etter 5 år og etter tydelig vekst av kunstproduksjon i Hordaland har Wrap no behov for utbetringar av lokala. Dei treng ein meir optimal bruk av arealet. Dei vil da kunne huse fleire produksjonar parallelt. Det vert ein meir smidig arbeidsflyt for alle, spesielt for store tverrfaglege produksjonar.

**Vurdering:** Fylkesrådmann tilrår å ikkje tiltaket.

**Tilråding: Kr 1 000 000,-**

## **7. Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter**

Moster Amfi vil med søker om midlar til nye benker med ryggstø. Nye benkar har ein kostnad på kr 1 300 000,-

Moster Amfi er ein allsidig kulturarena som gjennom historieformidling, musikk, teater, dans og drama, mat, natur, kunst og kultur tek vare på, forsterkar og framhevar den lokale og regionale eigenart. Amfiet er Nord-Europas mest unike friluftsscene og utandørs teatersal, og har plass til 1200 personar (med dagens benker). Uteamfiet er Nord-Europas mest unike friluftsscene og utandørsteater, men sitjebenkene gjev svært dårlig sitjekomfort og har ikkje vore fornya sidan dei blei bygd i 1984. Benkene er låge – ca 35 cm, dei er utan rygg og har med åra blitt noko skeive. Dei tilfredsstiller på ingen måte krav og behov frå publikum, særleg eldre og personar med ulike helseplager slit med å sitja på benkene under ei heil framsyning.

**Vurdering:** Fylkesrådmann finn å støtte tiltaket.

**Tilråding: kr 450 000,-**

## **8. Hardanger Fartøyvernsenter**

Hardanger Farøyvernsenter er eit nasjonalt kompetansesenter for fartøyvern og museum for maritim kultur. Dei vil etablere eit permanent publikumsmottak i sjøhuset som ligg i forlenging av den nye Strandvegen. Kostnadsoverslag må oppjusterast frå 6 til 10 mill pga grunnforhold som må stabiliserast.

**Vurdering:** Hardanger Farøyvernsenter fekk kr 1 900 000 i 2013 til dette tiltaket. Fylkesrådmann finn ikkje å støtte med meir tilskot til dette prosjekt.

**Tilråding: Avslag**

## **9. Lindehuset**

Odda kommune søker med dette støtte til ferdigstilling av fasadearbeid på Lindehuset. Odda kommune har i fleire byggetrinn oppgradert fasadane på Lindehuset. Vest- og deler av sør fasaden ble rehabiliterert i 2010. I 2013 ble rehabilitering av sør- og søndre del av øst-fasaden ferdigstilt. Odda kommune ønsker å ferdigstille rehabiliteringa av øst- og nord fasaden i løpet av sommar/haust 2015. Lindehuset har i løpet av denne restaureringsperioden blitt freda etter kulturminnelova. Alt arbeid vil bli utført etter antikvariske retningsliner.

**Vurdering:** Lindehuset har tidlegare fått tilskot frå ordninga med lokale kulturygg og kulturygg med regionale funksjonar. Lindehuset har no blitt freda etter kulturminnelova, og dei omsøkte tiltak er retta mot vern og rehabilitering. Denne søknad om å fullføre restaurering fell på sia av denne ordning. Denne søknad hører meir til under Kulturminnevern, og fylkesrådmann finn ikkje å støtte tiltaket på denne ordninga

**Tilråding: Avslag**

## **10. Sunnhordland Museum**

Sunnhordland Museum søker om tilskot til modernisering/ombygging av dagens bygningsmasse. Bygningane er tydeleg prega av forfall og slitasje og har store manglar. Bygningane er tungvinte i bruk og lite eigna til drift av eit offentleg museum. Det er og lite publikumsvennlag museumsdrift. Mange av bygningane må totalrehabiliterast. Kostnad på kr 31 210 800,-

**Vurdering:** Sunnhordland Museum treng eit vesentleg løft. Sunnhordland Museum representerer eit viktig regionalt tiltak der behovet er presserande. Magasin og samlingar har utfordringar knytt til vasslekkasjar, maur, temperatursvingingar og ventilasjon. Det er totalt 8 forskjellig fysiske nivå i museet. Det manglar universell utforming i administrasjonsbygg og publikumsmottakinga. Og det er generell låg standard på museet, noe som avgrensar aktivitetane. Fylkesrådmann tilrår støtte til dette prosjekt.

**Tilråding: kr 1 886 000,-**

## **12. Nordsjøfartmuseet i Telavåg**

Nordsjøfartmuseet søker om kr 700 000,- i tilskot til oppgradering. Nordsjøfartmuseet er eit godt etablert museum innanfor krigs- og okkupasjonsfeltet i Hordaland. Elevar frå heile Hordaland vitjar museet årleg. Museet er og eit av fyrtårna i turistsatsinga til regionen, og har til dømes avtale med eit internasjonalt reiseselskap som gjestar dei med turistar frå alle verdsdelar. Artistar med nasjonalt ry held konserter her, frivillige organisasjonar nyttar huset i ulike høve.

Kjøkken må moderniserast, og resepsjon må tydeleg signalisere tilbod når det gjeld museumsformidling, museumsbutikk og servering.

**Vurdering:** Museet treng ei oppgradering av sine fasilitetar for å imøtekome alle besøkande, og fylkesrådmann tilrår å støtte tiltaket.

**Tilråding: kr 443 000,-**